



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Gravdal Kraft AS
V/Arne Gravdal
Holten 11
6800 FØRDE

Dykkar ref

Vår ref
12/718-

Dato

11 JUN 2015

Gravdal kraftverk i Førde kommune i Sogn og Fjordane – klage på avslag

Arne Gravdal klagar i e-post av 12.12.2011 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 5.12.2011 på søknaden om løyve til bygging av Gravdal kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 22.3.2012.

1. Bakgrunn

Gravdal Kraft AS (SUS) søkte 1.2.2010 om løyve til bygging av Gravdal kraftverk.

Gravdal kraftverk vil nytte eit fall på 248 m i Tverrelva, mellom inntak på kote 250 og kraftstasjon på kote 2. Det er planlagt å overføre vatn frå elva i Ytre Gravdalsgjelet, og frå ein mindre bekk, til hovudinntaket i Tverrelva. Det er i søknaden foreslått slepp av minstevassføring på 25 l/s heile året, fordelt på Tverrelva og Ytre Gravdalsgjelet. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 6,2 GWh.

Førde kommune meiner det kan bli gitt løyve dersom utbygginga tek tilstrekkeleg omsyn til naturverdiane i området. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** er i fråsegna mot at det gis konsesjon dersom det blir stadfesta at det er hubro i området. **Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane Turlag** meiner det bør sleppast høgare minstevassføring enn foreslått i søknaden og at vegen mellom Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva av omsyn til landskap bør tilbakeførast til kjøresterkt terreng etter utbygging. **Sunnfjord Energi AS** syner til at det ikkje er kapasitet i overliggende nett. Det vil truleg og vere naudsynt med forsterkingar i lokalnettet. **Statens vegvesen** syner til at det må søkjast om tre ulike løyver frå vegvesenet før anlegget kan byggjast. **Norsk Ornitologisk foreining** meiner tiltaket ikkje bør få løyve då det truleg vil påverke ein hekkelokalitet for hubro.

NVE meiner at ein må rekne Gravdalsområdet som ein aktiv hubrolokalitet med hekking, og at denne vil bli negativt påverka av Gravdal kraftverk. NVE legg òg noko vekt på at ein bekekløftlokalitet kan bli negativt påverka. NVE vurderer at ulempene som følgjer av Gravdal kraftverk er større enn fordelane.

2. Klagen

Arne Gravdal klagar i e-post av 12.12.2011 på NVE sitt avslag på søknaden om løyve til bygging av Gravdal kraftverk. Klager har grunngjeve klagen ytterlegare i brev av 25.1.2012, 13.4.2012 og 24.5.2013, i tillegg har Sunnfjord Energi kommentert saka på vegne av klagar i brev av 12.11.2014. Klager sine argument kan summerast slik:

- Klager syner til at dei registrerte hubroropa er lokalisert til Gravdalsgjelet, som ikkje er ein del av utbyggingsområdet.
- Etter klager sin kjennskap er det aldri hørt eller funnet spor av hubro i tiltaksområdet for Gravdal kraftverk.
- Klager syner til rapporten frå Albicilla naturrådgeving v/Alv Ottar Folkestad som konkluderer med at kraftverket ikkje vil kome i konflikt med ein ev. hubrolokalitet.

3. Departementet sine merknadar

Løyve til bygging av Gravdal kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klager som er naudsynthe for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klager.

Naturmangfald

Hubro

Det er registrert hubrorop i området fram til 2009. Det er usikkert om desse ropa kom frå Ytre Gravdalsgjelet, kor det er planlagt å etablere overføring til Gravdal kraftverk, eller nabo-dalføret Indre Gravdalsgjelet/Gravdalen. Hubro er tidlegare òg høyrte på den andre sida av Førdefjorden, slik at plassering av ev. reirområde er usikkert.

I 1999/2000 vart det funnen ein død hubro, som var drepen som følgje av kollisjon med kraftlinjer, ved munningen til Indre Gravdalsgjelet.

Alv Ottar Folkestad påpeikar i rapport av 9.8.2011 at sjølv om det ikkje er registrert hekkande hubro i eit område nokre år, så må dette sjåast over ein lengre periode, da det kan gå år mellom kvar vellukka hekking. Vidare vil bruken av aktuelle hekkeområde variere med bestandsstørrelsen. Det er derfor viktig at området sin verdi som hekkeområde ikkje blir svekkja ved ei kraftutbygging sjølv om det i dag ikkje skulle vere eit aktivt hekkeområde. Alv Ottar Folkestad vurderer at det ikkje er grunn til å tru at ei utbygging av Gravdal kraftverk vil gripe inn i ev. reirområde eller aktuelle funksjonsområde for arten. Det er ein føresetnad at terrenginngrepa reduserast så mykje som råd og at tiltaket ikkje fører til nye stiar/ferdselsvegar.

I 2013 blei det lytta etter hubro i tiltaksområdet utan at det ga nokon registreringar. I 2014 gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) ei feltundersøking i Ytre Gravdalsgjelet utanom hekkesesongen for å vurdere om området er eigna som hekkelokalitet for hubro. Funna er summert i brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 29.10.2014. FM vurderer at lokaliteten ikkje verkar som ein god hekkeplass for hubro og at den ser ut til å vere utan eigna reirplassar. FM uttalar at det kan vere meir eigna i den øvre delen opp mot Gravdalsstølen, men at dette området ikkje vart undersøkt. Etter FM si vurdering ser Indre Gravdalsgjelet ut til å vere ein meir aktuell hekkelokalitet. Våren 2015 gjennomførte FM, som del av oppfølginga av handlingsplanen for hubro, lytteundersøkingar over fire døgn i Indre- og Ytre Gravdalsgjelet, utan at det vart registrert hubro.

Hubro har status som sterkt trua (EN) i Rødlista 2010. Det er utarbeidd ein handlingsplan for arten. Hubro er svært sårbar for forstyrring under hekketida.

I konsesjonsvurderinga må det leggjast stor vekt på omsynet til hubro. Departementet legg til grunn at det ikkje kan gjevast løyve til ei utbygging som vil ha vesentlege ulemper for hubro. Det må òg leggjast stor vekt på føre-var-prinsippet om konsekvensane er usikre.

Departementet legg stor vekt på resultata frå kartleggingar av området og vurderingane som er gjort av fagleg ekspertise. Etter departementet sin oppfatning er det basert på tilgjengeleg kunnskap lite truleg at tiltaksområdet inngår i eit hekkeområde for hubro. Anleggstida kan leggjast utanom hekketida i tilfelle tiltaksområdet likevel skulle inngå i eit hekkeområde for hubro. Etter departementet sitt syn utgjør med det den potensielle auka i ferdsel hovudproblemet for ein ev. hubrolokalitet i tiltaksområdet. Det er i dag enkelte stiar og skogsbilvegar i delar av området. Etablering av røytrase og tilkomstveg kan forenkle tilgangen til Ytre Gravdalsgjelet, men departementet ser det som lite truleg at ferdselen vil auke vesentleg i dette området som følgje av vasskraftutbygginga. Behovet for vedlikehald og tilsyn vil òg vere avgrensa.

Departementet meiner at det for Gravdal kraftverk ikkje er grunnlag for å avslå av omsynet til hubro aleine, men at omsynet til ev. hubro ut frå eit føre-var perspektiv må leggjast vekt på i den samla vurderinga og i fastsettinga av avbøtande tiltak.

Naturtypar

Det er registrert ein førekomst av naturtypen bekkekløft ved samløpet mellom elva frå Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva og ein førekomst av naturtypen rik edellauvskog langs bekken i sidelaupet til Tverrelva. Begge lokalitetane er vurdert til å vere av lokal verdi (C).

Bekkekløftlokaliteten kan bli negativt påverka som følgje av redusert vassføring ved ei utbygging av Gravdal kraftverk. Edellauvskogen er ikkje antatt å bli råka av kraftverksutbygginga.

Førde kommune opplyser at det er få lokaliteter med naturtypane bekkekløft og rik edellauvskog i kommunen, høvesvis to og fire registreringar.

NVE vurderer at bekkekløfta kan bli noko negativt påverka grunna redusert vassføring.

Det vart opphavleg søkt om ei utbygging med slipp av minstevassføring på totalt 25 l/s, som svarar til berekna alminneleg lågvassføring. I klagen er det foreslått å auke dette til dei berekna verdiane for 5-persentilar for sommar- og vintervassføring, som er 49 og 42 l/s for høvesvis sommar- og vintervassføring.

Departementet legg til grunn at moglege negative konsekvensar for naturtypa bekkekløft må vektleggjast noko i den samla vurderinga av Gravdal kraftverk, og i fastsettinga av vilkår for slipp av minstevassføring ved eit løyve.

Naturmangfaldlova

Skjønsutøvinga ved sakshandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Det inneber at utbygginga av Gravdal kraftverk og miljøkonsekvensane av tiltaket skal vurderast i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, der det enkelte tiltak sitt bidrag til den nasjonale satsinga på fornybar energi, omsynet til kraftforsyningstryggleik og tapet eller øydelegging av naturmangfaldet på sikt vurderast. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningsliner ved departementet si handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av tiltaket.

Etter departementet si vurdering er det på bakgrunn av dokumenta i saken, opplysningar frå konsesjonshandsaminga og utredningar for hubro god kunnskap om verdiane i området. Verknadane av tiltaket vurderast òg som godt kartlagt. Departementet finn at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Departementet har sett Gravdal kraftverk i samanheng med andre påverknadar på naturmangfald i influensområdet og elles i regionen, og finner at den samla belastninga ved ei utbygging av Gravdal kraftverk er akseptabel, jf. naturmangfaldlova § 10.

Departementet meiner at naturverdiane og moglege konsekvensar som følgje av Gravdal kraftverk ikkje er av ein slik karakter at det kan leggjast avgjerande vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Departementet syner til vurderingane av konsekvensane for hubro.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom det ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I vassdragskonsesjonar følgjer det eit sett med vilkår der dette leggjast til grunn. Under konsesjons- og klagehandsaminga er ulike løysingar og avbøtande tiltak vurdert. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vurdert i tilstrekkeleg omfang, jf. naturmangfaldlova § 12.

Landskap og brukarinteresser

Gravdal kraftverk vil føre vatn frå ei elvestrekning på til saman 2,1 km. Tiltaket vil vidare gi inngrep som følgje av mellom anna etablering av kraftstasjon, inntaksdammar og 1,9 km røytrasear.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane Turlag meiner at vassdraget har verdi som lokalt landskapselement. NVE og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at vassdraga som får redusert vassføring er lite synlege og har låg landskapsverdi.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane Turlag tilrår av omsyn til landskap at den planlagde anleggsvegen mellom Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva vert utforma som kjøresterkt terreng. FM og Sogn og Fjordane Turlag syner til at Førde Kajakklubb er aktive med padling på fjorden, og er bekymra for at støy frå kraftstasjonen skal vere negativt for padleinteressene.

NVE peiker på at kraftstasjonen er planlagt på eit deltaområde med gråor ved fjorden. Elva deler seg her i to elveløp. NVE uttalar at etablering av kraftstasjon på den planlagde staden kan gjere massane i deltaet ustabile og auke innsynet frå fjorden. Det vil òg i hovudsak berre vere vatn i eit av elveløpa etter ei utbygging. NVE meiner at ein i stor grad kan unngå desse ulempene ved å plassere kraftstasjonen oppe på innmarka aust for fossen.

Etter departementet sin vurdering vil ei utbygging av Gravdal kraftverk, på nærare fastsette vilkår, ha avgrensa og akseptable konsekvensar for landskap og brukarinteresser.

Oppsummering

Gravdal kraftverk vil i samsvar med omsøkte planer bidra med om lag 6,2 GWh/år fornybar energi. Tiltaket vil gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og kommune.

Alle høyringspartane, med unntak av Norsk Ornitologisk Foreining, aksepterer på visse føresetnader at det blir gitt løyve til Gravdal kraftverk.

Departementet meiner på bakgrunn av gjennomførte kartleggingar og innspel frå fagleg ekspertise, at ei utbygging og drift av Gravdal kraftverk kan gjennomførast utan å kome i konflikt med hubro. Etter departementet si oppfatning kan ulempene for biologisk mangfald, landskap og andre interesser i stor grad avbøtast.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Gravdal kraftverk er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Arne Gravdal blir tatt til følgje. Det blir gitt konsesjon til bygging av Gravdal kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

5. Departementet sine kommentarar til vilkår og andre forhold

Forholdet til energilova

Det er planlagt å knyte kraftverket til eksisterande nett via ein 130 m 23 kV jordkabel frå kraftstasjonen til eksisterande nett. Det er planlagt å inngå avtale med Sunnfjord Energi AS om bygging og drift av høgspontanlegget.

Verknadane av tilknytingslinja inngår i departementet si heilskapsvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Sunnfjord Energi AS er netteigar og områdekonsesjonær. Departementet finn det ikkje naudsynt med eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspentilknyting til eksisterande nett, dersom Sunnfjord Energi AS står for bygging og drift av nettanlegget. Naudsynt høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon. Dersom Gravdal Kraft AS ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast søknad om dette til NVE når eksakt størrelse på elektriske installasjonar er klart. NVE kan då gi eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

Departementet har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknyting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må ligge føre samstundes med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan settast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

” ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at Gravdal kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane. Formålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til lokal sysselsetting og verdiskaping. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet meiner at fordelene utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1: Vannslipp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	l/s	540
Alminneleg lågvassføring	l/s	25
5-persentil sommar	l/s	49
5-persentil vinter	l/s	42
Største slukeevne	l/s	1000
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	185
Minste driftsvassføring	l/s	70

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 1000 l/s, som svarar til 185 % av middelvassføringa. I søknaden er det foreslått slepp av minstevassføring på 25 l/s heile året. I miljørapporten, som er utarbeidd for søknaden, blir det anbefalt å auke sleppet av minstevassføring utover 25 l/s om sommaren. I klagen opnast det for at minstevassføringa blir auka frå 25 l/s heile året til 49 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 42 l/s resten av året.

Fleire av høringspartane meiner at det av omsyn til biologisk mangfald bør sleppast ei høgare minstevassføring enn 25 l/s, spesielt om sommaren.

Departementet meiner at det bør settast krav om slepp av høgare minstevassføring enn 25 l/s i vassdraget, spesielt under vekstsesonen om sommaren. Departementet fastset at det av omsyn til vassdragstilknytta organismar og elvene sine verdiar som lokale landskapselement skal sleppast 50 l/s i minstevassføring i perioden 1. mai til 30. september og 40 l/s resten av året. Minstevassføringa skal fordeles likt mellom Ytre Gravdalsgjelet og Tverrelva.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi. Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det settast opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet presiserer at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal køyrast jamt og i takt med tilsiget.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmande for sikkerheitskrava som blir stilt til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet ”Forholdet til energilova”.

Departementet synar òg til merknadane nedanfor til post 6 i vilkåra, om kulturminne.

Tabellen nedanfor søker å gi ei oppsummering av føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel vere at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje er med i tabellen. Departementet presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Anleggsperiode	Det skal i samråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførast registrering for å avklare ev. hekkelokalitet for hubro innanfor influensområdet for Gravdal kraftverk det inneverande året for anleggsarbeid. Dersom det viser seg at ein hekkelokalitet er i bruk i influensområdet skal anleggsperioden leggjast utanom perioden 1. januar til 31. juli.
Inntaka	Slik som oppgjeve i søknad.
Vassvegar	Nedgravne røyr slik som oppgjeve i søknad. Røyrtraseane kan justerast i samband med detaljplan. Røyrtraseane skal tilpassast terrenget på best mogleg måte. Lokaliteten med rik edellauvskog på Kyrkjebø skal ikkje råkast.
Kraftstasjon	Kraftstasjonen skal plasserast oppstraums utløpsområdet i nedre del slik at kraftverksutløpet kan

	fordelast i begge elveløpa og slik at innsynet frå fjorden blir avgrensa. Kraftstasjonsplasseringa avklarast som del av detaljplangodkjenninga. Det skal leggjast vekt på støydempende tiltak.
Største slukeevne	1000 l/s
Installert effekt	2 MW
Vegar	Opprusting av eksisterande veg til kraftstasjonen. Midlertidig anleggsveg langs overføringstraseen til Gravdalsgjelet skal tilbakeførast etter utbygging. Løyve til utvida bruk av avkjørsel frå fv. 609 m.m. må avklarast med Statens vegvesen.

Det er angitt i tabellen om det kan gjerast justeringar i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med løyve og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.


Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning er tatt med i løyvet sjølv om det i dag ser ut til å vere lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til tiltaket sin størrelse og verknadar.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Departementet føreset at utbyggjar tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å klargjere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det dukkar opp kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Med helsing



Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør


Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Førde kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sunnfjord Energi AS

Norsk ornitologisk forening

Sogn og Fjordane Turlag

Statens Vegvesen Region vest